

Jan Audun Sagstad
Indre Sagstad 47
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4273 - 21/48018

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
06.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 319/3 Sagstad nedre

Tiltak: redskapshus
Byggjestad: Gbnr: 319/3
Tiltakshavar: Jan Audun Sagstad
Ansvarleg søkjar: Jan Audun Sagstad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.05.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre informasjon om BRA/BYA. Dette må leggjast ved i søknad. For informasjon om dette, sjå TEK17 §5-3 og §5-4.

Det må visast til areal av bygning, konstruksjon og parkering i dag, sett mot situasjonen etter tiltak. Vidare må grad av utnytting på tomt på reknast ut og leggjast ved i søknad. Sjø TEK17 §5-8.

2. Situasjonsskart må vise avstand til eksisterande bustad på eigedommen.
3. Kvitivering for levert nabovarsel til Alver kommune. Dykk kan eventuelt løyse dette med å ta kontakt med innbyggjarservice på Knarvik senter.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan **06.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Audun Sagstad
Jan Audun Sagstad

Indre Sagstad 47
Indre Sagstad 47

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG